

# Årsmelding for Sandane Småbåtlag 2008

Styret i Sandane Småbåtlag 2008:

- \* Leiar           Sven T. Rylandsholm
- \* Kasserar       Olav Søreide
- \* Hamnesjef     Sigmund Vereide
- \* Sekretær       Kristin Fjellestad
- \* Styremedlem   Håvard Kvandal
- \* Styremedlem   Ragnald Søreide

Valnemnd : Morten Bolseth og Inge Austrheim

Styret har hatt 6 styremøte og to synfaringar sidan forrige årsmøte.

Det er no 111 medlemmar i Sandane Småbåtlag, 82 av desse har båt plass. I 2008 har vi fått 12 nye medlemmar.

## Dugnad

Også i år har det vore lagt ned ein del dugnadsarbeid.

Det er utført naudsynt vedlikehald på bryggene og det vart rydda på fellesområdet.

## Opprusting fellesområde -Slaktehus

Kommunen har foretatt riving av ein del av slaktehuset. Det har vore samarbeid med museet og kommunen om opprusting av fellesområdet. Reguleringsplan for Øyrane er vedteke. Det vert for tida arbeidd med ein større plan for oppgradering av området rundt hamna i samarbeid med Gloppen kommune.

## Pinsetur

Tradisjonen tru vart det pinsetur også i år. Turen gjekk til Rugsund, Måløy, Selje og Silda. Med ingrediensar som spa og bading på Selje Hotell, fiskekonkurransar og quiz og ikkje minst fint ver vart årets pinsetur ei oppleving!

Takk til turkomiteen for flott innsats!



### **Tall Ship Races**

I forbindelse med arrangementet i Måløy skulle det kome inn seglskuter til Sandane. Sjølv om skutene kom lenge etter planen var det mange som var oppmøtte i sentrum denne kvelden. Småbåtlaget bidrog med å frakte ca 300 personar til og frå den største skuta som låg for anker i fjordbassenget.

### **Skade på brygge**

Under vinterstormen i januar 2008 vart ”nye”-brygga skada. I utgangspunktet såg det ut som ei bagatellmessig skade, men seinare viste det seg at skaden er betydeleg.

Pr. tid er ikkje skuldspørsmålet avklart men styret arbeider med at SSL skal kome skadelaust ut av hendinga.

### **Vakthald**

Det vart sett opp vaktlister der kvar medlem tok sin del av vakthaldet frå mai til september. Dette fungerte nokså bra men styret arbeider med ei løysing der Securitas skal ta ansvaret.

### **Diesel**

I 2008 avvikla vi dieselsalget i båtlaget. Styret er godt nøgde med måten dieselsalet no vert handtert i regi av Statoil.

### **Økonomi**

Likviditeten i laget har vore noko anstrengt i 2008. Styret gjorde avtale med banken om å få avdragsfri på lånet. Det har i halve året ikkje vore betalt anna enn renter. Dette betra situasjonen. Lånet er no refinasiert slik at avdragstida er forlenga til 10 år.

Styret vil takke dei som har bidrege til at slippinga har gått fint i 2008. Takk og til Eyolf Johnsen for arbeidet han legg i heimesida til båtlaget.

Sandane, 25.03.09

Kristin Fjellestad  
sekretær